



Medlemmene i SU 2014-2015

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6817 - 14/24120

Saksbehandlar:

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

turid.sporsheim.tvedt@lindas.kommune.no

Dato:

27.10.2014

Referat frå møte i SU, Kløvheim skule, 15.oktober 2014

Desse møtte:

David Hindenes Sætre, elevrådet

Emilie Sætre, elevrådet

Espen Sætre, FAU

Ståle Sætre, FAU

Eli Remme Fyllingsnes, lærarane

Malin Møvik, lærarane

Irene Hodneland, andre tilsette

Anne Marie Fanebust, kommunal repr.politisk

Turid Sporsheim Tvedt, kommunal repr.administrasjon

Sak 1 / 2014-2015: Val

Vedtak:

Leiar: Eli Remme Fyllingsnes, repr. lærarar

Nestleiar: David Hindenes Sæte, repr. Elevråd

Sak 2 / 2014-2015: Kommunedelplan for skule 2014-2018 - framlegg til planprogram.

Vedtak:

Høyringsuttaleuttale frå SU, Kløvheim skule i samband med «Kommunedelplan for skule 2014-2018. Framlegg til planprogram».

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SU Kløvheim skule ynskjer å komme med innspel til planprogrammet. Vi har sett oss inn i heile programmet, men ynskjer i denne høyringsuttalen å komme med innspel til punkt 5 i dokumentet – *Tema og avgrensing av innhald.*

5a

Vi registrerer at kommunen i denne omgang ynskjer å avgrense planen til å gjelde skulestruktur knytt til Lindås- og Ostereidet ungdomsskulekrinsar.

Etter skuleåret 2014/2015 vil det vere 3 fådelte kommunale skular igjen i Lindås kommune, og desse tre er i dei to ungdomsskulekrinsane som ein ynskjer å sjå nærare på. Og når temaet er skulestruktur, er det naturleg å tenkje at kommunen ynskjer å gjere noko med desse tre skulane, ei strukturendring som kanskje ender opp med at ein i Lindås kommune ikkje lenger har plass til fådelte bygdeskular.

SU viser også til s. 3 i plandokumentet, punkt 5b: *Administrasjonen greier ut om ny felles skule for Eikanger og Kløvheim.* SU Kløvheim skule er ikkje kjend med at slik utgreiing er gjort, og med tanke på at kommunen ynskjer «å redusere driftskostnadane slik det framgår av økonomiplanen» (sitat planprogrammet s.3), kan ikkje SU sjå at det er økonomi til å byggje ein ny skule i staden for desse to skulane.

Med bakgrunn i dette, har SU Kløvheim skule valt å konsentrerer oss om kva dette tyder for vår skule, samstundes som våre innspel kanskje også kan overførast til liknande skular i krinsane.

5 b

1. Folketalsprognose og elevtalsutvikling.

Elevtalet ved Kløvheim skule har hatt ein stor nedgang dei siste åra. Tal på elevar har likevel vore større enn det som kjem fram i Kommunedelplan skule 2010-2020. Slik vil det alltid vere – nokon flyttar til og nokon flyttar frå. Skuleåret 2014-2015 er det 40 elevar ved skulen.

SU og andre rådsorgan ved skulen ser tydeleg at ein kan ikkje drive skule utan elevar, og på eit eller anna tidspunkt må ein gjerne seie at smertegrensa er nådd.

Kva kan då gjerast for at elevtalet kan aukast?

SU vonar stadig at regulerte byggjefelt som ligg i bygda kan bli realiserte. Her bør Lindås kommune vere pådrivarar, og leggje til rette for at utbyggjarar kan ta på seg dette arbeidet. SU erfarer at det er mange unge som ynskjer å etablere seg i bygda, men mangel på tilrettelagde tomter hindrar dei i dette. Eit byggjefelt eller to vil sjølvstøtt ikkje føre til umiddelbar auke av elevtalet, men på sikt trur SU dette vil skje. Dersom Lindås kommune ynskjer levande bygder må ein også leggje til rette for byggeaktivitet utanom sentrum.

SU meiner at det no er på høg tid å sjå på kringsgrensene. Slik det er i dag er Kløvheimkrinsen ein liten krins. Dersom ein endrar kringsgrensene i begge endar av krinsen i høve til slik den er per i dag, vil dette auke elevtalet ved skulen.

2. Sansynleggjering av investeringsbehov ved strukturendringar.

SU meiner at Kløvhem skule bør halde fram som skule, og punkta under er med bakgrunn i dette. Kløvheim skule vart bygd i 1965, med eit påbygg i 1997.

Skulen er i god stand, og har jamleg blitt vedlikehalden slik at den i dag er eit godt fungerande skulebygg til trass sin høge alder. Skulen har 4 klasserom i 2.høgda, 1 klasserom /SFO-rom, kunst og handverksrom, grupperom, og diverse rom for personalet i 1. høgda. Det er gode, lyse gangareal, med gode garderobehyller til alle elevane. Skulen har ein stor gymsal med gode garderobe- og dusjtilhøve. På skuleplassen ligg ein ganske ny ballbinge, og rundt skulen er det rikeleg med plass til mange typar aktivitetar til bruk både i skuletimane og i friminutt.

Skulen er i dag ein 3-delt skule. Skulen kan utan vanskar og med små investeringar vere ein 4-delt skule, og det kan minst vere 70 elevar her. Det er ca 10 år sidan elevatalet ved skulen var slik. Skal skulen verte fulldelt, er det per i dag ikkje rom for det. Då manglar vi to klasserom.

Å ta imot fleire elevar til for eksempel å verte ein 4-delt skule, vil ikkje føre til store investeringar. Kontorarbeidsplassar og garderobetilhøve for dei tilsette er noko mangelfull allereie i dag, og skulle det verte fleire tilsette her bør ein vurdere å gjere noko med dette.

3. Framlegg til alternative løysingar av framtidig struktur / konsekvensar

SU ved Kløvheim skule ynskjer at elevar som høyrer til denne krinsen framleis skal høyre til Ostereidet ungdomsskulekrins.

SU er i utgangspunktet positiv til samlokalisering med for eksempel Eikanger skule, men ikkje utan at det alternativet er betre enn det vi har i dag. Det tyder m.a.:

- SU er ikkje viljug til å godta ein skule som bygningsmessig ikkje er mist like bra som det vi har i dag.
- SU er ikkje viljug til å godta eit uteareal som er dårlegare enn det vi har i dag
- SU ynskjer ikkje at samlokalisering av elevar frå fleire barneskular skal forringe tilbodet på mottakaraskulen, for eksempel dele av rom eller liknande for å få plass til fleire klassar (eks. mediateket på Ostereidet)

SU ynskjer at det må vere minst to barneskular som soknar til same ungdomsskule. Dersom ein går inn for at ein skal leggje ned dei to fådelt skulane i ungdomsskulekrinsen og flytte alle til Ostereidet, vil det bety at det berre vert ein barneskule i krinsen, og SU meiner det er av stor betydning at når elevane startar på ungdomsskulen så møter dei også andre elevar enn dei ein har gått saman med alle åra på barneskulen.

SU ser på Kløvheim skule, både bygningsmessig og området omkring, som eit svært godt alternativ til ein samlokalisert skule. Her er skulen i god stand og det er plass til å utvide arealet med evnt ei påbygging eller paviljong utan at det går ut over utearealet. Etter SU si meining må dette vere det mest lønsame alternativet.

I tidlegare høyringsdokument / kommunedelplanar / vedtak har det å slå saman Kløvheim og Eikanger skular vore alternativ, ja til og med vedteke. Det er ca 7 km frå Kløvheim skule til Eikanger skule. Skulle det verte berre ein barneskule i krinsen, og den skulle ligge på Ostereidet, vil det tyde ein mykje lengre skuleveg, ca 15.km. Mange av dei føresette i Kløvheimkrinsen har arbeidsplassen sin i Mongstadområdet. For desse som har barn i 1.-4.klasse med behov for SFO-plass, tyder det ca 1 time ekstra tid kvar veg (2 t/dag) for å levere og å hente barn på SFO. Dette er uheldig både for vaksne og barn.

SU Kløvheim skule ynskjer i tillegg å komme med denne kommentaren:

Kommunedelplan skule 2010 – 2020 og Rullering 2012-2013 skal ligge til grunn for dette nye plandokumentet og ny kommunedelplan skule.

Til begge desse høyringane har m.a. SU Kløvheim skule komme med høyringsuttalar. Dette er lange og arbeidskrevjande prosessar. Det engasjerer stort, men det er også ganske utmattande. Dersom ein skal ha tiltru til folket og la høyringsuttalen få noko å bety, er det viktig at opplagte og beviselige feil i *Kommunedelplanen* og *rulleringa* av denne vert retta opp.

SU oppmodar difor rådmannen til å ta omsyn til også dei gamle høyringsuttalane når ein ny kommunedelplan skule skal utarbeidast.

Med helsing

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemmene i SU 2014-2015